

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

|                  |                                                         |
|------------------|---------------------------------------------------------|
| <b>Råd:</b>      | <b>Stord sokneråd</b>                                   |
| <b>Tid:</b>      | <b>Torsdag 22.februar 2024 Kl. <u>19.00 – 21.00</u></b> |
| <b>Møtestad:</b> | <b>Kyrkjekontoret (Sæ 21)</b>                           |
| <b>Opning:</b>   | <b>Randi Agnete Nysæter</b>                             |

**Til stades:** Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele,( frå sak 15/24 ), Dag Kjetil Lægreid (1. vara) og Runar Isdahl (2.vara).

## SAKLISTE

### 2024/11- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2024/12- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### 2024/06- 012 Soknerådsarbeid 2024 (Utsett frå førre møte)

Gjennomgang av årshjul og diskusjon rundt prioriteringar og ynskjer for arbeidet i 2024.

**Vedtak:** Framlegget vert godkjend med fylgjande tillegg:

- Tema juni: Gjennomgang av hausten sitt arbeid
- Tema april: Barne og ungdomsarbeid / trusopplæring

### 2024/13- 340 Diakoniarbeid i soknet

**Vedtak:**

Saka vert utsett til eit seinare møte

### 2024/14- 012 Årsmøte 2024

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkjelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Diskusjon om dato og form på arrangement. I fjor vart årsmøtet avholdt som ein informasjonskveld i Kyrkjestova Fredheim heller enn eit enkelt, formelt årsmøte etter ei gudsteneste. Det kom fleire i Kyrkjestova og det var gode tilbakemeldingar på forma.

**Vedtak:**

Stord sokneråd inviterer til informasjonskveld (som og vil vere eit soknemøte) i Kyrkjestova Fredheim søndag 14.april kl 17.

### 2024/15- 308 Kyrkjebladet Spira

Oppfølging av verbalpunkt frå budsjetthandsaminga for 2024, der soknerådet opna for å løyve pengar til eit nummer av kyrkjelydsbladet hvis ein får til ein redaksjon. Diskusjon om korleis ein jobbar vidare med dette og om nokre i soknerådet ønskjer å engasjere seg i det.

**Vedtak:** Det vert å sjå saka an inntil ein finn friviljuge til ein høveleg redaksjon.

### 2024/16- 360 Kyrkjelydsfellesskapet

Den norske kyrkja har nyleg gjennomført ei medlemsundersøking (vedlagd). Denne gir innsikt i samansetninga i medlemsmassen og korleis medlemmene deltek i kyrkja. Soknerådet inviterast til å diskutere rundt kyrkjelydsfellesskapet i soknet med bakgrunn i tema som kjem fram i undersøkinga – og å tenkje på korleis vi byggjer fellesskap i kyrkjelyden.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Ulike innspel i samtalen:

- Ønskjer å byggje fellesskap med utgangspunkt i gudstenestene som eit samlingspunkt for kyrkjelyden.
- Vi skal vere bevisst rolla som ei folkekyrkje med brei samansetning av deltakarar. Me er kyrkje for alle og skal tilby inkluderande fellesskap for dei som ønskjer det.
- Vi har fleire gode arenaer for fellesskap som t.d. kyrkjekaffi og ulike samlingar i Kyrkjestova Fredheim. (Kyrkjekaffi kunne vore enda betre om ein hadde meir rom i kyrkja. Er det aktuelt å sjå på omdisponering av areal bak i kyrkja, ta ut benker?)
- Kyrkjelydsweekend har vore eit samlande tiltak som og treffe ei yngre målgruppe. Elles har ein ikkje heilt funne ut kva tiltak som treff dei yngre målgruppene. Familiegudstenester er eit godt tiltak, og mange opplever eit godt fellesskap knytt til søndagsskulen på Hystad. Kan vurdere fleire tiltak for foreldre og born saman?
- Gode erfaringar med kveldssamlingar for eit par år tilbake, sjølv om desse traff ei litt anna målgruppe enn dei ein sikta seg inn på opphavleg.
- Finne dei ulike grupper og kva dei sjølve søker/treng.
- Ta vare på / sjå dei som er i den «gule» gruppa, ref. medlemsundersøkinga. Kan Alphakurs el. være eit tenleg verktøy? Gode erfaringar med det frå ein del år tilbake. Kyrkjelivsutvalet har vurdert dette og ventar førebels fordi Horneland bedehus har starta alfakurs i vår.

**Vedtak:** SR tek med seg momenta som kom fram i samtalen til vidare handsaming i utvala og oppmodar medlemmer og frivillige som ønskjer å arbeide vidare med nokre av dei aktuelle tiltaka til å ta initiativ.

## 2024/17- 012 Utval – oppdatering av mandat og medlemmer

Informasjonsrunde frå utvala og ein runde på forslag til fleire medlemmer der det er ønskeleg. Introduksjon til mandat (oppgavebeskrivelse) for utvala.

**Vedtak:** Saka vart utsett

## 2024/18- 121 Budsjett for musikarar i gudstenester

Stord Kyrkjelege Fellesråd vedtok som ein del av sitt budsjett for 2024 å kutta i løyvingar til innleige av eksterne musikarar til «førstedagar» og konfirmasjonar i 2024. Soknerådet sitt budsjett for kyrkjemusikalsk arbeid vart sett før fellesrådet gjorde sitt vedtak og inneheld ei løyving på kr 15 000,- for året 2024.

Kyrkjemusikar (Noah Wibe) har spelt inn ei sak til soknerådet som gjeld førespurnad om:

1. Leige inn Åge Østrem til å spele trompet på konfirmasjonsgudstenester.  
1 musikar på 4 gudstenester á kr 4 000,-, altså totalt kr 16 000,-
2. Leige av musikarar til å delta i jazzgudsteneste planlagd 7.april.  
Forslag om å leige 4 musikarar á kr 3 000,-, altså totalt kr 12 000,-
3. Leige av musikarar / solistar første påskedag, julaftan og første juledag.  
Ikkje konkret forslag, men kan rekne med ca kr 10 000,- for å dekkje desse?

**Vedtak:**

- Soknerådet aukar budsjettramma til kr 50.000,- for kyrkjemusikalsk arbeid. Dei auka kostnadane dekkjast med bruk av fondsmidlar i første omgang, men ein vil og prøve å få inn meir gåver til det kyrkjemusikalske arbeidet.
- Det vert å understreke at takkofferføremålet på jazzgudstenesta går til kyrkjemusikalsk arbeid.
- Soknerådet bed gudstenesteutvalet sjå på takkofferlista på nytt med tanke på å styrke inntektene til det kyrkjemusikalske arbeidet.

## 2024/19- 317 Ordning for takkoffer

Gudstenesteutvalet drøfta i sitt møte 15.februar nokre tankar om praksis når vi tek opp takkoffer. Dei vedtok følgjande: «Det vert å opplyse i gudstenesta om takkoffer og form like

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

*før vi syng takkoffersalmen for å tydeleggjere dette liturgiske elementet. Info om offeret vil fortsatt komme under kunngjeringane. Vi bed SR komme med si vurdering av dette mtp ei breiare forankring». Soknerådet inviterast her til å delta i vurderinga.*

**Vedtak:** Saka vert utsett til eit seinare møte

## Ymse:

- Evaluering og oppfølging av felles møtehelg
  - Soknerådet er positiv til å fortsette dialog med Leirvik bedehus om det kan vere aktuelt med ei ny møtehelg neste år. Ytterlegare evaluering vart utsett til eit seinare møte.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
3. Rapport frå kyrkjelydstur til Cuba 16.-31.januar v/ Anders Dahl.
  - Det vil verte to ulike informasjonssamlingar:  
17.03 v/ sundagskaffi i kyrkjestova og på informasjonsmøtet 14.04
4. Inspirasjonskveldar med Stord sokneråd, Nysæter sokneråd og stab:  
30.april (startar med middag kl 16 og held på til ca 20:30)  
19.sept (som over)
5. Ta bilde av nytt sokneråd til heimesida.
6. Folk i sentrum 8.-9.juni 2024 (*ikkje handsama i møtet*)
7. Soknerådsleiar er invitert til *samrådsmøte* 13.mars i regi av Kyrkjerådet / bispedømet for å kunne gi innspel ifm Kirkemøtet sine saker om kyrkjeleg organisering. (*ikkje handsama i møtet*)

## Skriv, referat og meldingar

1. Referat Kyrkjestova Fredheim 16.januar
2. Referat gudstenesteutval 17.januar
3. Referat diakoniutvalet 25.januar
4. Referat utval frivillighet 7.februar
5. Førebels årsrekneskap for 2023 (før revisjon)
6. Referat Kyrkjestova Fredheim 15.februar
7. Referat gudstenesteutval 15.februar
8. Referat trusopplæringsutval 5.februar
9. Referat kyrkjelivsutvalet 13.februar

Anders Dahl  
soknerådsleiar

Jørgen Knudsen  
sokneprest og referent